



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 983 974 716
Organisasjonsform: Annet foretak iflg. særsk. lov
Foretaksnavn: SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF
Forretningsadresse: Møllendalsbakken 9
5009 BERGEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Andreas Vestbø Rasmussen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 17.03.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 13.07.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	2,3	1 291 026 000	1 205 340 000
Sum inntekter		1 291 026 000	1 205 340 000
Kostnader			
Varekostnad	5	1 025 980 000	970 689 000
Lønnskostnad	6,16	175 734 000	161 097 000
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle verdier	10	5 122 000	5 265 000
Annen driftskostnad	4,7,10	68 665 000	66 055 000
Sum kostnader		1 275 501 000	1 203 106 000
Driftsresultat		15 525 000	2 234 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen finansinntekt	8	333 000	591 000
Sum finansinntekter		333 000	591 000
Annen finanskostnad	8	90 000	1 000
Sum finanskostnader		90 000	1 000
Netto finans		243 000	590 000
Ordinært resultat før skattekostnad		15 768 000	2 824 000
Skattekostnad på ordinært resultat	9	-404 000	-1 434 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		16 172 000	4 258 000
Årsresultat		16 172 000	4 258 000
Overføringer og disponeringer			
Overføringer til/fra annen egenkapital	15	16 172 000	4 258 000
Sum overføringer og disponeringer		16 172 000	4 258 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Lisenser og programvare	10	26 281 000	19 041 000
Utsatt skattefordel	9	2 729 000	2 325 000
Sum immaterielle eiendeler		29 010 000	21 366 000
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	10	19 458 000	1 072 000
Anlegg under utførelse	10	3 666 000	14 842 000
Medisinsk teknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l.	10	20 828 000	18 228 000
Sum varige driftsmidler		43 952 000	34 142 000
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	11	612 000	548 000
Andre finansielle anleggsmidler		7 000	7 000
Pensjonsmidler	16	72 749 000	66 584 000
Sum finansielle anleggsmidler		73 368 000	67 139 000
Sum anleggsmidler		146 330 000	122 647 000
Omløpsmidler			
Varer			
Varer	12	60 393 000	58 713 000
Sum varer		60 393 000	58 713 000
Fordringer			
Kundefordringer	13	22 141 000	18 318 000
Andre fordringer	13	2 584 000	2 962 000
Konsernfordringer	13,20	186 745 000	181 898 000
Sum fordringer		211 470 000	203 178 000
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	14	6 643 000	5 795 000
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		6 643 000	5 795 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Sum omløpsmidler		278 506 000	267 686 000
SUM EIENDELER		424 836 000	390 333 000
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Foretakskapital	15	100 000	100 000
Annen innskutt egenkapital	15	10 943 000	10 943 000
Sum innskutt egenkapital		11 043 000	11 043 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	15	217 349 000	201 177 000
Sum opptjent egenkapital		217 349 000	201 177 000
Sum egenkapital		228 392 000	212 220 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser	16	874 000	1 495 000
Sum avsetninger for forpliktelser		874 000	1 495 000
Annen langsiktig gjeld			
Sum langsiktig gjeld		874 000	1 495 000
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	17	155 302 000	128 714 000
Skyldige offentlige avgifter		15 327 000	16 463 000
Kortsiktig konserngjeld	17	7 015 000	3 955 000
Annen kortsiktig gjeld	17	17 926 000	27 486 000
Sum kortsiktig gjeld		195 570 000	176 618 000
Sum gjeld		196 444 000	178 113 000
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		424 836 000	390 333 000



BDO AS
Luramyrveien 40
Postboks 1107
4391 Sandnes

Melding frå uavhengig revisor

Til føretaksmøtet i Sjukehusapoteka Vest HF AS

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Sjukehusapoteka Vest HF AS.

Årsrekneskapen består av:

- Balanse per 31. desember 2021
- Resultatrekneskap for 2021
- Oppstilling over kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per 31. desember 2021
- Notar til årsrekneskapen, inklusive eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- Gjev årsrekneskapen eit rettvise bilette av den finansielle stillinga i selskapet per per 31. desember 2021, og av resultatata og kontantstrømane for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet, slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inklusive dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga og annan informasjon i årsrapporten, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.



Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Norge. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Ellen Marie Marvik
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Pemneo Dokumentnøkkel: N86C7-LONLM-SP56C-UZWS2-MFNLE-0ZPKS



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo"™ - sikker digital signatur.
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Ellen Marie Mo Marvik

Partner

På vegne av: BDO AS

Serienummer: 9578-5997-4-628197

IP: 188.95.xxx.xxx

2022-03-21 06:38:24 UTC



Ellen Marie Mo Marvik

Statsautorisert revisor

På vegne av: BDO AS

Serienummer: 9578-5997-4-628197

IP: 188.95.xxx.xxx

2022-03-21 06:38:24 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: N86C7-LONLM-SP56C-UZWSZ-MFNLE-0ZPKS

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Sjukehusapoteka Vest HF

ÅRSMELDING 2021

VERKSEMD OG FØREMÅL

Sjukehusapoteka Vest HF er eit sjølvstendig helseføretak eigd av Helse Vest RHF med føremål om å vere farmasifagleg kompetansesenter i helseregionen. Helse Vest utøver si styring via eit årleg styringsdokument som blir lagt fram i føretaksmøte mellom Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest RHF.

Sjukehusapoteka Vest eig og driv sjukehusapotek i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde. Føretaksadministrasjonen er lagt til Bergen. Sjukehusapoteka Vest leiger lokale til drifta ved dei største sjukehusa i Rogaland og Vestland. Desse sjukehusa er og Sjukehusapoteka Vest sine hovudkundar. Aktiviteten i verksemda er i all hovudsak knytt til produksjon og sal av legemiddel, og levering av farmasøytisk rådgjeving til sjukehus/institusjonar og til pasientar/publikum.

FOKUSOMRÅDER I 2021

Spesialisthelsetenesta og Sjukehusapoteka vest si verksemd har siste året vore prega av Covid19 pandemien. Sjukehusapoteka Vest HF har delteke aktivt med å sikre legemiddelforsyninga i pandemiperioden gjennom fleire ulike tiltak;

- På oppdrag frå Helse og omsorgsdepartementet og Helse Vest RHF, ansvar for gjennomføring av nasjonalt prosjekt for beredskapslagring av legemiddel for spesialist- og primærhelsetenesta (Prosjekt B180 – beredskapslager for legemidler til primær- og spesialisthelsetjenesten nivå 2).
- Deltaking og sentrale bidrag i nasjonale prosjekt for å trygge og organisere nasjonal forsyning av legemiddel og regional forsyning av Covid-19 vaksine i samarbeid med Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet, Sykehusinnkjøp HF og dei andre sjukehusapotekføretaka.
- Overvaking av forsyning for kritiske legemiddel til intensivbehandling av Covid-19-pasientar. Førebyggjande beredskapstiltak i apoteka gjennom kohortinndeling, omdisponering av medarbeidarar og andre smitteverntiltak. Felles for tiltaka har vore særleg merksemd på å trygge forsyning av legemiddel til sjukehusa.
- Ansvar for mottak og distribusjon av vaksine med krav til ultrakjølekjede til kommunar og helseføretak.

Pandemisituasjonen har på grunn av avgrensa tilgang til sjukehusa særleg prega aktiviteten innan publikumsavdelingane. Redusert sal er delvis kompensert ved reduserte kostnader som følgje av omdisponering av ressursar til beredskapsarbeid i andre deler av verksemda. Resultatet i publikumsområdet vert prega av pandemien så lenge denne varer. SAV har samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka om felles tiltak for å betre sal og lønsemd.

Sjukehusapoteka Vest HF deltek elles i arbeid med utvikling av spesialisthelsetenesta på Vestlandet, med mål om betring av pasienttryggleik og kvalitet på legemiddelområdet gjennom fleire ulike tiltak:



- Leiging av regionalt arbeid med risikostyring innan legemiddelområdet (ROMLE).
- Fleire prosjektdeltakarar, ein delprosjektleiari og deltakar i programstyre for KULE-prosjektet (utvikling og utprøving av elektronisk kurve; kliniske prosesser, legemiddellogistikk, lukka legemiddelsøyfe og kjemoterapi).
- Aktiv deltaking i lokal legemiddelkomitear og regional legemiddelkomite.
- Deltaking i regionalt innføringsprosjekt for Pasientens legemiddelliste (PLL).
- Prosjekteigarar for prosjektet Produksjonsstøttesystem for legemiddel i Helse Vest.
- Legge til rette for oppretting av regional fagforvaltning på kjemoterapiområdet.
- Etablering ny produksjonsavdeling for kremer og salver ved Sjukehusapoteket i Bergen.
- Opning av nytt sjukehusapotek ved Haraldsplass diakonale sjukehus i Bergen.
- Prosjekt for vidare utvikling av apotekareal i nye sjukehus i Førde og Stavanger samt arbeid med utviklingsplan for Sjukehusapoteket på Haukeland universitetssjukehus.

Gjennom deltaking i KULE-prosjektet bidreg Sjukehusapoteka Vest til å utvikle funksjonelle grensesnitt mellom kurveløysing, kjernejournal og legemiddellogistikk som på sikt kan gje grunnlag for etablering av lukka legemiddelsøyfe i Helse Vest. Ein viktig føresetnad for lukka legemiddelsøyfe er tilgang på legemiddel som eindose. SAV arbeider saman med sjukehusføretaka for å greie ut forsyningsløysingar for eindose i regionen.

Sjukehusapoteka Vest arbeider med fleire prosjekt innan digital fornying. Sentralt i 2021 har vore innføring av helseregionen sitt nye ERP system (LIBRA) og løysing for etterleving av nytt forfalskingsdirektiv. Ut over dette pågår prosjekt for å ta i bruk nytt nasjonalt bransjesystem for apotek (EIK) og nytt reseptur- og butikkdataløysing (RBD) samt nytt produksjonsstøttesystem.

Kostnader ved bruk av legemiddel har siste åra vore aukande. I Helse Vest var samla kostnad til legemiddel i 2021 ekskl. mva på ca. 2,0 mrd. kroner, ein auke på 11 % frå 2020. Gjennom 2021 er fleire legemiddel overført til H-reseptfinansiering og kostnaden til h-reseptlegemiddel er i 2021 høgare enn kostnad til andre legemiddel. Auka kostnader aukar behov for oppfølging av innkjøpsavtalar i sjukehusa. Auke i kostnader gjeld særleg for legemiddel til bruk ved nye behandlingsmetodar innan kreftbehandling og nye biologiske legemiddel. Kostnadsutviklinga krev god styring og kontroll ved legemiddelbestilling og bruk. Sjukehusapoteka Vest samarbeider med dei andre sjukehusapotekføretaka i Norge og helseføretaka i Helse Vest om dette.

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Organisering

Sjukehusapoteka Vest er organisert med apotek og stabsavdelingar som nivå 2 og avdelingar som nivå 3. Leiariar på alle nivå har fullmakter innan områda fag, økonomi og personale for eiga eining. Fullmaktmatriksa er vedlegg til leiaravtalar. Stillingsomtalar på alle nivå tydeleggjer konkrete arbeidsoppgåver, ansvar innan etikk, grønt miljø og prosessleiging og leiar/medarbeidarkrav.

Rekruttering

Sjukehusapoteka Vest har i 2021 halde fram med fokus på kvalitet i rekrutteringsprosessen. Ein brukar sosiale medium for å treffe potensielle søkjarar. Fysiske møtestader som til dømes Farmasidagane har ikkje vore aktuelle i 2021, grunna pandemi. Positiv utvikling ved rekruttering av leiarar, både med interne og eksterne kandidatar held fram.



Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling er heimla i føretaksstrategien og konkretisert i fagplanar for dei 4 verksemdsområda og i årleg aksjonsplan for kompetanse. Innføring nye system, produksjon og logistikk var særlege tema i plan for 2021. Tross utfordringar med pandemi vart det gjennomført omfattande kohortvis fysisk opplæring i LIBRA ved alle lokasjonar.

Dei totale tala på kursdeltaking e-læringskurs er 3604 i 2021 mot 3.222 i 2020. Auka i e-læringskurs kjem i stor grad frå innføring av LIBRA. Føretaket har hatt deltakarar på 60 klasseromskurs/seminar/fagdagar (57 i 2020) med 510 kursgjennomføringar registrert i Læringsportalen.

Systematisk Helse Miljø og Tryggleik

Føretaket har i 2021 arbeidd med helsefremjande arbeidsmiljø i høve til Helse, miljø og tryggleik (HMT) mål; *Vi skal sikre forsvarleg drift av sjukehusapotek som vernar om menneske, miljø, samfunn og eigendelar*, og heimla i Helse Vest sin HMT strategi. HMT er fast sak i styre- og leiarmøte, samt i samhandling med fagorganisasjonane og i arbeidsmiljøutval. HMT er del av føretaket sine fag- internrevisjonar. Årsmelding 2021 for Føretaksarbeidsmiljøutvalet (FAMU) var handsama i FAMU sitt møte 23.02.2021, er formidla til føretaksleiinga og fagforeiningane, og vert lagt fram i Styremøte 17.03.22.

SAV hadde i 2021 89% svar i *ForBedring* kartlegging (83% i 2020) og tiltak etter kartlegging er nedfelt i Synergi handlingsplan. Resultat og handlingsplan er handsama i FAMU, og i leiing- avdelings- og samhandlingsmøter. Gode resultat frå tidlegare år er vidareført, det er særst gledelig at svar på opplevd *leiaradferd og systematisk oppfølging av ForBedring* er betra sidan 2020.

Det blei i 2021 registrert 79 HMT hendingar, mot 67 i 2020. Auken er i hendingstypen *fysisk arbeidsmiljø* (i hovudsak stikk og kutt, orden og inneklima). Alle sakene er avslutta eller under behandling.

Sjukefråvær

Gjennomsnittleg sjukefråvær i Sjukehusapoteka Vest var 10% i 2021, mot 7,7% i 2020. Føretaket si målsetting er, i tråd med målsetting for Helse Vest, sjukefråvær på 5,5 %. Sjukefråveret auka kraftig i andre halvår, som følge av pandemien. Føretaket har ei rekke systematiske tiltak for å følge opp sjukefråveret.

Likestilling

Sjukehusapoteka Vest er ein arbeidsplass med overvekt av kvinner. Av i snitt 278 tilsette i 2021 var 46 menn. I leiargruppa var fordelinga 4 kvinner og 5 menn per 31.12.21. Styret i føretaket var per 31.12.2021 sett saman av 6 kvinner og 3 menn (5 kvinner og 4 menn frå 2022). Av 5 sjukehusapotekarar er det 2 menn. Av 12 avdelingsleiarar er 2 menn.

Sjukehusapoteka Vest vektlegg, innanfor gjeldande lov og avtaleverk, likebehandling ved rekruttering, og arbeider med likestilling i føretaket gjennom lønn, arbeidstidsplanlegging, kompetanseutvikling og karrierebygging, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, alder eller andre vesentlege forhold ved ein person. Føretaket legg gjeldande reglar for svangerskap, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, til grunn for verksemda.

Lønnskartlegging (grunnlønn og faste tillegg) på individ- og kjønns nivå vert gjennomført ein gong per år, saman med fagforeiningane, sist gong lønn per august 2021 (farmasøytar) og lønn per mars 2021 (andre tilsette). Kartlegginga har ikkje avdekkja systematiske lønnsmessige ulikheitlar mellom kvinner og menn.



Bruk av midlertidige stillingar, deltid og innleigde vert drøfta med fagforeiningane ein gong per år, siste gong 23.02.22. 2 personar har registrert ønske om auka stillingsprosent ved utgangen av 2022. Ein kan ikkje sjå at ønska har samanheng med diskriminering.

Forsterka aktivitetsplikt i høve til Likestilling og diskrimineringsloven har vore handsama i føretaksleinga, i Arbeidsmiljøutvalet og i Samhandlingsmøte med fagforeiningane.

SAV er del av Helse Vest sitt arbeid med inkludering, sjå eige avsnitt om Inkluderingsdugnad.

SAV årsmelding om likestilling er publisert på føretaket si internettside.

Inkludering, mangfald og likeverd

Helseføretaksgruppa i Helse Vest har felles regional målsetting for inkludering og mangfald som skal spegle samfunnet og gjera oss i stand til å møte mangfaldet mellom pasientar og pårørande. Målet er at mellom 6 og 10 % av medarbeidarane skal ha innvandrarbakgrunn, fordelt omtrent likt mellom vestlege og ikkje vestlege innvandrarar. Føretaket er og del av regional satsing på Inkluderingsdugnaden. Satsingsområde i 2021 og 2022 er inkluderande rekruttering, med ulike tiltak som opplæring av leiarar og dei som arbeider med rekruttering, oppdatering av mangfoldserklæring i jobbannonsar, informasjon på Intranett mm. Temaet diskriminering grunna kjønn, etnisk opphav, og funksjonshemming er del av føretaket sine rutinar innan til dømes rekruttering, og på relevante arenaer som til dømes FAMU og i dialog med tillitsvalde og verneteneste.

Siste tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) syner at føretaket har totalt har 29% medarbeidarar med innvandrarbakgrunn fordelt på

- 12,4 % i gruppa Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania utanom Australia og New Zealand, og Europa utanom EU/EØS
- 16,6 % i gruppa EU/EØS-land, USA, Canada, Australia og New Zealand.

(Tal i % av sysselsette 15-74 år).

Talet på årsverk:

Talet på brutto årsverk (all ressursinnsats, inkludert overtid og meirtid, vikarar mv.) i gjennomsnitt i 2021 var 250 mot 245 året før.

Talet på netto årsverk (korrigert for sjukefråvær, permisjonar mv.) i gjennomsnitt i 2021 var 199 mot 197 året før.

YTRE MILJØ

Verksemda i Sjukehusapoteka Vest kan i nokon grad føre til ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Sjukehusapoteka Vest er miljøsertifisert etter ISO 14001:2015. SAV sin miljøpolitikk krev merksemd på heile verdikjeda frå produsent til sluttbrukar av legemiddel. Sjukehusapoteka Vest samarbeider med dei andre føretaka i Helse Vest på miljøområdet gjennom regional miljøfaggruppe og på nasjonalt nivå med dei andre sjukehusapotekføretaka og Sykehusinnkjøp HF.



FORSKING OG UTVIKLING

Sjukehusapoteka Vest HF har i 2021 hatt forankringsavtaler for to doktorgradsstipendiatar ved Universitetet i Bergen. Begge avtalane er finansiert av Helse Vest RHF. Ut over dette bidreg Sjukehusapoteka Vest HF til utviklingsarbeid i ulike prosjekt, både lokalt og regionalt. Utviklingsarbeidet inngår som del av dei ordinære stillingane i Sjukehusapoteka Vest HF. FOU kostnadar er direkte kostnadsført.

I 2021 har ein student fullført sitt masterprosjekt i farmasi tilknytt SAV. Det er publisert fire artiklar der ein eller fleire forfattarar er tilknytt SAV.

ÅRSREKNESKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen ei rettvise oversikt over utviklinga og resultatet av føretaket si verksemd og stilling.

Risikotilhøve

Covid19-pandemien har påverka aktivitet og resultat i 2021. Ut over dette er føretaket i noko grad eksponert for endringar i valutakursar og i mindre grad endringar i flytande rente. Risikoen er låg for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar, då debitorar hovudsakeleg er andre helseføretak og NAV/ HELFO. Likviditeten i føretaket er god.

Det er ikkje teikna styreansvarsforsikring for styremedlemer og administrerande direktør i føretaket.

Økonomisk drift:

SAV har ikkje motteke direkte tilskot i samband med covid19-pandemien. Samla omsetnad i Sjukehusapoteka Vest HF er i 2021 kr. 1.291.026.406 mot kr. 1.205.339.621 i 2020. Resultat frå drifta er i 2021 kr 15.525.275 mot kr 2.234.447 i 2020. Endringa er spesielt knytt til auka sal av varer til sjukehusa, inntekt frå arbeid med nasjonalt beredskapslager og arbeid med distribusjon av vaksinar samt at driftskostnader er noko redusert som følge av mellom anna lågare reiseaktivitet i pandemiperioden. Ikkje resultatført estimatavvik i pensjonsordninga er kr. 190.137.372 Eigenkapitalen er tilfredstillande.

Netto finansresultat for 2021 er kr. 242.985 mot kr. 589.723 i 2020. Reduksjon frå 2020 skuldast i hovudsak reduserte renteinntekter. Samla resultat for 2021 er kr. 16.172.054 mot kr. 4.257.750 i 2020.

Likviditet og kontantstrøm:

Likviditetsbehaldninga pr. 31.12.2021 var kr 6.642.949, ein auke på kr. 847.299 frå 2020. I tillegg har Sjukehusapoteka Vest innskot på konsernkontoordning i Helse Vest på kr 74.544.372. Dette inngår i regnskapet som krav på morselskapet i omløpsmidlane.

Driftsresultatet for 2021 er på kr 15.525.275, medan kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar er kr 23.082.627. Dette kan forklarast med avskrivningar, endring i krav, varelager, kortsiktig gjeld samt avvik mellom resultatført pensjonskostnad og netto inn- og utbetalingar i pensjon.



Forslag til disponering av overskot:

Styret gjer framlegg om at overskotet for 2021 vert overført til annan eigenkapital.

Overføring til annan eigenkapital	kr	16.172.054
Totalt disponert	kr.	16.172.054

Eigenkapitalen i føretaket per 31.12.2021 er:

<u>Eigenkapital</u>	<u>kr.</u>	<u>228.392.134</u>
---------------------	------------	---------------------------

FRAMHALD AV DRIFTA OG UTSIKTAR FOR VERKSEMDA

Det er normalt usikkerheit knytt til framtidige tilhøve. Det er framleis noko usikkerhet med omsyn til varighet og intensitet av covid19- pandemien. Generelt er etterspurnaden etter helsetenester aukande, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Etterspurnaden etter varer og tenester frå Sjukehusapoteka Vest HF er knytt opp mot aktivitetsnivået i sjukehusføretaka, som er hovudmottakarar av Sjukehusapoteka Vest sine varer og tenester. Ein legg til grunn at dette ikkje vert endra på kort sikt. Rekneskapen er difor avlagt under føresetnad om framhald av drifta.

Bergen, 17. mars 2022

Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

Trude Marit Risnes
Styreleiar

Olav Klausen
Nestleiar

Arve Varden
Styremedlem

Helle Kristine Schøyen
Styremedlem

Clara Beate Gram Gjesdal
Styremedlem

Ola Jøsendal
Styremedlem

Ragnhild Elise Winum
Styremedlem

Siri B. Bjørhovde
Styremedlem

Hilde Helvig Fossmark
Styremedlem

Jon Bolstad
Adm. direktør

Side 6 av 6

Penneo Dokumentnøkkel: 61WYE-QBEVG-SXPJC-8EWHP-8J3B-YX5W



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Olav Godtfred Klausen

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-1113812

IP: 79.160.xxx.xxx

2022-03-17 16:17:04 UTC

bankID 

Jon Bolstad

Daglig leder

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5993-4-3691930

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-17 16:43:18 UTC

bankID 

Hilde Fossmark Helvig

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5997-4-912575

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-18 07:23:21 UTC

bankID 

Ola Jøsendal

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-1999122

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-18 09:50:40 UTC

bankID 

Siri Bergsholm Bjørhovde

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-3524557

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-18 12:48:02 UTC

bankID 

Clara Beate Gram Gjesdal

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-1720672

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-19 09:11:38 UTC

bankID 

Trude Marit Risnes

Styreleder

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5998-4-761210

IP: 79.160.xxx.xxx

2022-03-20 08:32:38 UTC

bankID 

Helle Kristine Schøyen

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-1447064

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-20 20:13:08 UTC

bankID 

Penneo Dokumentnøkkel: 61WXE-QBEVG-SXPJC-8EWHP-8J13B-YX5VW

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo"™ - sikker digital signatur.
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Arve Varden

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5993-4-1643129

IP: 95.111.xxx.xxx

2022-03-20 20:30:15 UTC



Ragnhild Elise Winum

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5997-4-2640620

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-28 08:22:05 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 61WYE-QBEVG-SXPJC-8EWHP-8JIBB-YXYSW

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Resultatrekneskap

Alle tall i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2021	2020
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Basisramme	2,3	9 864	0
Anna driftsinntekt	2,3	1 281 162	1 205 340
Sum driftsinntekter		1 291 026	1 205 340
Kjøp av helsetenester	4	331	251
Varekostnad	5	1 025 980	970 689
Lønn og andre personalkostnader	6,16	175 734	161 097
Ordinære avskrivningar	10	5 122	5 265
Andre driftskostnader	7,10	68 333	65 803
Sum driftskostnader		1 275 501	1 203 105
Resultat frå drifta		15 525	2 234
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter	8	333	591
Andre finanskostnader	8	90	1
Netto finansresultat		243	590
Resultat før skattekostnad		15 768	2 824
Skattekostnad på ordinært resultat	9	-404	-1 434
RESULTAT FOR ÅRET		16 172	4 258
OVERFØRINGAR:			
Overført annan egenkapital	15	16 172	4 258
Sum overføringar		16 172	4 258

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSLY



Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2021	2020
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Immaterielle driftsmiddel			
Lisensar, programvare og goodwill	10	26 281	19 041
Utsett skattefordel	9	2 729	2 325
Sum immaterielle egedelar		29 010	21 367
Varige driftsmidler			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	10	19 458	1 072
Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l	10	20 827	18 228
Anlegg under utføring	10	3 666	14 842
Sum varige driftsmidler		43 952	34 142
Finansielle anleggsmidler			
Investering i andre aksjar og partar	11	612	548
Andre finansielle anleggsmidler		7	7
Pensjonsmidlar	16	72 749	66 584
Sum finansielle anleggsmidler		73 368	67 138
Sum anleggsmidler		146 330	122 647
Omløpsmidlar			
Varer	12	60 393	58 713
Krav	13,20	211 470	203 178
Bankinnskot, kontantar og liknande	14	6 643	5 796
Sum omløpsmidlar		278 506	267 686
SUM EIGEDLAR		424 836	390 333

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PFISQ-BSILY



Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2021	2020
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	15	100	100
Annan innskoten eigenkapital	15	10 943	10 943
Sum innskoten eigenkapital		11 043	11 043
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	15	217 349	201 177
Sum opptent eigenkapital		217 349	201 177
Sum eigenkapital		228 392	212 220
Gjeld			
Avsettingar for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	16	874	1 495
Sum avsettingar for forpliktingar		874	1 495
Anna langsiktig gjeld			
Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld		874	1 495
Kortsiktig gjeld			
Skuldige offentlege avgifter		15 327	16 463
Anna kortsiktig gjeld	17,20	180 244	160 154
Sum kortsiktig gjeld		195 570	176 617
Sum gjeld		196 444	178 113
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		424 836	390 333

Penneo Dokumentnøkkel: Y.LOCS-ESSK6-VBS62-20PE4-PF3C-BSILY

Bergen, 31.12.2021 / 17.03.2022
Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

Trude Marit Risnes
Styreleiar

Jon Bolstad
Administrerande direktør

Olav Klausen
Nestleiar

Arve Varden
Styremedlem

Clara Beate Gram Gjesdal
Styremedlem

Helle Kristine Schøyen
Styremedlem

Ola Jøsendal
Styremedlem

Ragnhild Elise Winum
Styremedlem

Siri B Bjørhovde
Styremedlem

Hilde Fossmark Helvig
Styremedlem

Sjukehusapoteka Vest HF Org.nr. 983974716



Kontantstraumoppstilling

Sjukehusapoteka Vest HF

Alle tall i 1000 NOK

	2021	2020
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter:		
Årsresultat	16 172	4 258
Skatteutbetalinger	-404	-1 434
Ordinære avskrivningar	5 122	5 265
Endring i omløpsmidlar	-9 973	-2 383
Endring i kortsiktig gjeld	18 953	33 441
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalningar i pensjonsordninger	-6 787	-17 844
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	23 083	21 303
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-22 171	-21 234
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle eiendeler	-64	-68
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-22 235	-21 302
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter:		
Netto endring i likviditet	847	1
Likvide midlar 01.01	5 796	5 794
Likvide midlar 31.12	6 643	5 796
Herav skattetrekk og andre bundne midler	6 547	5 677
Likviditetsreserve 31.12	96	118

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY

Sjukehusapoteka Vest HF



Note 1 Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2021 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningslinjer gjeve av eigar.

Sjukehusapoteka Vest HF blei stifta 01.01.02 etter lov om helseføretak. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar netto kr 10 943 027 overført til Sjukehusapoteka Vest HF som eit tingsinnskot.

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemdar der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkeleg verdi for anleggsmidlane. For publikumsekspedisjon er det krav om avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tatt i bruk eller berre tatt i bruk for ein kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige miljø hausten 2001.

Konsolidering

Sjukehusapoteka Vest HF går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap. Konsernspissen Helse Vest RHF utarbeider den konsoliderte rekneskapen. Konsernrekneskapen utleverast på forespørsel ved å henvende seg til Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11, 4034 Stavanger.

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering

Årsrekneskapen er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar regnskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnader samanstillast med opptente inntekter.

Prinsipp for inntektsføring

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Øyremerka tilskot blir inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskot til investeringar blir inntektsførte i same periode som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Gåver vert brukt i samsvar med dei vilkåra eller ynskje givar har for bruk av midlane. Dersom givar har vilkår eller ynskje om at gåva skal brukast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar, klassifiserast ho som tilskot og regnskapsførast etter reglane for øyremerka tilskot.

Kostnadsføringstidspunkt samanstilling

Utgifter blir samanstillt med og kostnadsførast samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til. Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til kostpris. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid skal avskrivast etter ein plan. Anleggsmidlar vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Nedskrivninga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld visast som langsiktig gjeld.

Immaterielle eigedelar

Utgifter til forskning og utvikling er kostnadsførte, då samanhangen mellom utgifter til forskning og utvikling og tilhøyrande framtidige inntekter er uklare. I særskilde høve vil eiga forskning og utvikling kunne medføre at det blir framkalla ein eigen godtgjørt og vesentleg kontanttraum. Om slike kontanttraumar kan forventast, blir slik forskning og utvikling aktivert.

Utgifter til andre immaterielle eigedelar er balanseførte i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det forventast at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld i hovudsak utgifter til lisensar og programvare. Immaterielle eigedelar som er balanseførte avskrivast lineært over forventa økonomisk levetid frå det tidspunktet eigedelen blir teken i bruk.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar eigedom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål og som har varig levetid. Desse balanseførast til kost fråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivningar.



Driftsmidler reknast som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Varige driftsmidler avskrivas hovudsakleg lineært over økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlane blir teke i bruk. Det vert teke omsyn til utrangeringsverdi når avskrivingsplanane vert fastsette. Dersom det finnest indikasjonar på at driftsmidar har falle i verdi, blir driftsmidlane nedskrivne til den verdien som kan attvinnast dersom denne er lågare enn regnskapsført verdi.

Tomter avskrivas ikkje då ein antar at dei ikkje har ei avgrensa levetid.

Investeringar i nybygg vert balanseførte etter kvart som kostnadene vert pådregne. Ved dekomponering av balanseførte kostnader til nybygg vert reelle kostnader for dei ulike bygningsdelane lagt til grunn. Finansieringsutgifter ved tilverking av egne driftsmidler balanseføres.

Påkostnader eller betringar blir lagde til driftsmidlets kostpris og avskrivan i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som dei kjem på.

Ved sal og utrangering av anleggsmidler blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

Dotterføretak

Som dotterføretak reknast anna føretak der helseføretaket normalt har en eigardel på over 50 %, kor investeringa er av langvarig og strategisk karakter og kor helseføretaket har bestemmende innflytelse. Dotterføretak vurderast etter kostmetoden i føretakets rekneskap. Investeringa er vurdert til anskaffingskost med mindre nedskrivning har vore nødvendig. Det blir gjort nedskrivning til verkeleg verdi når det oppstår verdifall som skyldast årsaker som ikkje kan antakast å være forbigåande og det er nødvendig etter god regnskapsskikk. Nedskrivningar reverserast når grunnlaget for nedskrivning ikkje lenger er til stades.

Felleskontrollert føretak

Som felleskontrollert føretak reknast føretak kor deltakarane saman har felles kontroll. Ingen deltakar aleine har bestemmende innflytelse, men saman har ein bestemmende innflytelse. Samarbeidet må være regulert i ei samarbeidsavtale som heimlar felles kontroll, og deltaking må ikkje være mellombels.

Tilknytt føretak

Med tilknytt føretak meiner ein føretak kor investor har betydeleg påverknad utan at det føreligg konsernforhold eller felles kontrollert verksemd. Med betydeleg påverknad meiner ein normalt verksemd der føretaket eig mellom 20 og 50 prosent.

Slike føretak blir vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapan. Dette inneber at verksemda er vurdert til innkjøpskost for aksjane med mindre det har vore nødvendig med nedskrivning. Det er gjort nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall har årsaker som ikkje blir vurderte som forbigåande, og det må sjåast naudsynt etter god rekneskapsskikk. Nedskrivningar er førte attende når grunnlaget for nedskrivning ikkje lenger er til stades.

Utbytte og andre utdelingar er inntektsførte same år som dei er avsette i det tilknytte føretaket. Dersom utbyttet overstig det tilbakehaldne resultatet etter kjøpet, representerer den overskytande delen tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingane er trekte frå verdien på investeringa i balansen.

I konsernrekneskapan vert tilknytte føretak vurdert etter eigenkapitalmetoden.

Eigenkapitalinnskott i KLP

Eigenkapitalinnskott i KLP er separate finansielle egedelar og blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande.

Pensjonar

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapan etter Norsk Rekneskapsstandard, NRS 6 Pensjonskostnader. Føretaksgruppa følger oppdatert rettleiing om pensjonsføresetnader frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameter som er nytta går fram av note om pensjonar. Helseregionenes pensjonsordningar, medrekna AFP, er å rekne som ytingsbaserte planar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlane og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv.

Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforplikting balanseførast som avsetning for forpliktingar, mens overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktig fordringar i balansen. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar bli fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar i og avvik mot føresetnadene i utrekningane (estimatendringar) er fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som



overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid er sett til 12 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i lønn og sosiale kostnader, og utgjer summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting, forventa avkastning av pensjonsmidlane, resultatført verknad av endringar i estimat og pensjonsplanar, resultatført verknad av avvik mellom faktisk og forventa avkastning, samt periodisert arbeidsgivaravgift.

Usikkerheita er i stor grad knytt til bruttoforplikting og ikkje til den nettoforplikting som framkjem i balansen. Estimatendringar som fylgje av endring i nemnte parameter vil i stor utstrekking periodiserast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid og ikkje straks belaste resultatregnskapet slik som andre estimatendringar.

Arbeidstakars del av pensjonspremien er kome til frådrag i lønnskostnaden.

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for pårekeleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapsskikk.

Krav

Kunde krav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetning for dei krava det ikkje er gjort konkret avsetning for. Den sjablongmessige avsettinga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Segment

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir presentert tal for verksemdsområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg klassifisert inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Konsernkontoordning

Det er etablert konsernkontoordning i SR-bank. Innskot og gjeld innanfor denne ordninga er i rekneskapen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarende.

Skatt

Sjukehusapoteka Vest HF er skattepliktige for overskot vedkommande publikumsekspedisjonen frå og med 2015.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast og utsett skatt i perioden. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Midlertidige forskjellar som aukar eller reduserer skatt i same periode, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring er grunna i forventa inntening i framtida.

Utsett skatt i både føretaket sin rekneskap og føretaksgruppa sin rekneskap er i rekneskapen ført med nominelt beløp.



Note 2 Rapportering fra verksemda

Inntekt for kvart verksemdsområde

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Somatiske tenester	0	0
Psykisk helsevern, voksne	0	0
Psykisk helsevern, barn og unge	0	0
Tverrfagleg spesialisert rusbehandling	0	0
Anna	1 291 026	1 205 340
Overføringar til dotterføretak	0	0
Sum driftsinntekter	1 291 026	1 205 340

Kostnad for kvart verksemdsområde

	2021	2020
Somatiske tenester	0	0
Psykisk helsevern, voksne	0	0
Psykisk helsevern, barn og unge	0	0
Tverrfagleg spesialisert rusbehandling	0	0
Anna	1 275 501	1 203 105
Kjøp av helsetenester frå dotterføretak	0	0
Sum driftskostnader	1 275 501	1 203 105

Driftsinntekt fordelt på geografi

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Helse Vest sitt opptaksområde	1 291 026	1 205 340
Resten av landet	0	0
Utlandet	0	0
Sum	1 291 026	1 205 340

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF13C-BSILY



Note 3 Driftsinntekter

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Basisramme		
Basisramme	9 864	0
Aktivitetsbasert inntekt		
Anna driftsinntekt		
Øyremerka tilskot til andre føremål	638	1 285
Driftsinntekter apoteka	1 280 524	1 204 054
Sum	1 291 026	1 205 340

Note 4 Kjøp av helsetenester

Heile 1000

kroner

	2021	2020
Innleie av helsepersonell frå vikarbyrå	0	36
Andre kjøp av helsetenester (inkl. avtalespesialistar)	331	215
Sum kjøp av andre helsetenester	331	251
Sum kjøp av helsetenester	331	251

Note 5 Varekostnader

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Medisinske forbruksvarer	8 136	7 706
Andre varekostnader til eige bruk	-27	-179
Innkjøpte varer for videresal	1 018 098	963 184
Endring varer i arbeid og ferdigtilverka varer	-227	-22
Sum varekostnader	1 025 980	970 689

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY



Note 6 Lønn og andre godtgjersler

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Lønnskostnader	128 028	123 591
Arbeidsgivaravgift	19 032	16 934
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgivaravgift	26 139	17 661
Andre ytingar	2 535	2 911
Sum lønn og personalkostnader	175 734	161 097

Gjennomsnittleg tal på tilsette	285	293
Gjennomsnittleg tal på årsverk	250	245

	2021	2020
Godtgjersle til styret	495	495
Av dette godtgjersle til styreleiar	182	182

Heile 1000 kroner

Godtgjersle til medlem av styret							Ytingar frå andre føretak i Helse Vest	
Namn	Tittel	Styre-honorar	Lønn	Anna godtgjersle	Sum	Teneste-periode	Honorar/lønn	Anna godtgjersle
Trude Marit Risnes	Leiar	182	0	0	182	01.01-31.12	0	0
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar	0	0	0	0	01.01-31.12	1 845	5
Arve Varden	Styremedlem	0	0	0	0	01.01-31.12	1 795	9
Eivind Hansen	Styremedlem	0	0	0	0	01.01-31.12	2 022	5
Helle Kristine Schøyen	Styremedlem	0	0	0	0	01.01-31.12	1 927	5
Bente Aae	Styremedlem	0	0	0	0	01.01-31.12	1 397	13
Ragnhild Elise Winum	Styremedlem	104	510	0	615	01.01-31.12	0	0
Gunvald Andreas Iversen	Styremedlem	9	531	0	540	01.01-31.01	0	0
Marianne Saugestad	Styremedlem	44	448	5	496	01.01-07.06	0	0
Siri B Bjørhovde	Styremedlem	61	801	5	867	08.06-31.12	0	0
Hilde Fossmark Helvig	Styremedlem	96	688	5	789	01.02-31.12	0	0
Sum		495	2 978	16	3 489		8 985	36

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til styreleiar eller andre medlemmer av styret i Sjukehusapoteka Vest HF.

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY



Heile 1000 kroner

Lønn og anna godtgjersle til leiande personell							Lønn frå andre føretak i Helse Vest jf lønns- og trekkoppgåve for 2021	
Namn	Tittel	Lønn	Pensjon	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode	Lønn	Pensjon og anna godtgjersle
Jon Bolstad	Adm. direktør	1 797	393	49	2 239	01.01-31.12	0	0
Ola Rye	Økonomidirektør	1 214	293	10	1 517	01.01-31.12	0	0
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør	1 083	191	5	1 279	01.01-31.12	0	0
Berit Beate Berntsen	Pers. og org. direktør	1 140	298	5	1 443	01.01-31.12	0	0
Bernt Flekke	Kommunikasjonsdirektør	396	309	9	714	01.08-31.12	635	9
Tonje Folkvang	Apotekar Stavanger	1 073	196	6	1 275	01.01-31.12	0	0
Lene Svanberg Jakobsen	Apotekar Haugesund	1 044	196	7	1 247	01.01-31.12	0	0
Pål Espen Johannessen	Apotekar Bergen	977	148	6	1 131	01.01-31.12	0	0
Gunvor Steine Tufte	Apotekar Førde	897	140	5	1 042	01.01-31.12	0	0
Kassim Mohamed Adan	Apotekar Haraldsplass	436	147	3	586	01.06-31.12	0	0
Sum		10 057	2 310	106	12 473		635	9

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til administrerande direktør eller nok andre i leiargruppa i Sjukehusapoteka Vest HF.

Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle

Sjukehusapoteka Vest HF definerer personer i stillingane administrerande direktør, fagdirektør, økonomidirektør, HR og organisasjonsdirektør og apotekar som leiande personell.

Sjukehusapoteka Vest HF følgjer retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at

- Leiarlønn i føretaka skal være konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY



Utgreiing leiarlønnspolitikken i 2021

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 9. desember 2021. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt. Sjukehusapoteka Vest HF har lagt til grunn retningslinjer fastsett i føretaksmøte.

Lønn til medlem i leiargruppa blei i 2021 justert slik:

Heile 1000 kroner

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Åuke i prosent
Jon Bolstad	Adm. direktør	1 664	1 711	2,8 %
Ola Rye	Økonomidirektør	1 170	1 202	2,8 %
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør	1 037	1 074	3,5 %
Berit Beate Berntsen	Pers. og org. direktør	1 098	1 129	2,8 %
Bernt Flekke 1)	Kommunikasjonsdirektør	N/A	950	N/A
Tonje Folkvang	Apotekar Stavanger	1 032	1 063	3,0 %
Lene Svanberg Jakobsen 2)	Apotekar Haugesund	1 068	1 004	-6,0 %
Pål Espen Johannessen 1)	Apotekar Bergen	N/A	1 081	N/A
Gunvor Steine Tufte	Apotekar Førde	865	889	2,8 %
Kassim Mohamed Adan 1)	Apotekar Haraldsplass	N/A	830	N/A

1) Bernt Flekke, Pål Espen Johannessen og Kassim Mohamed Adan ble tilset i 2021 og har derfor ikkje grunnlag for samanlikning mot gammal lønn.

2) Lene Svanberg Jakobsen var i 2020 konstituert apotekar ved Sjukehusapoteket i Bergen og hadde høgare lønn for å dekke meirkostnader knytta til reise og opphald. Derfor var lønn i 2020 høgare enn ny lønn.

I tillegg til lønn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogeligheit for dekning av internett. AD har og fri avis. Lønnsreguleringa er gjort gjeldande for heile 2021.

Retningslinjer for 2022

Med bakgrunn i endra reglar om leiarlønn i allmennaksjeloven, fastsette Nærings- og fiskeridepartementet nye retningslinjer for leiarlønn i føretak med statlig eigardel 30.4.2021.

Dette inneber at helseføretaka sine retningslinjer i samsvar med asal § 6-16a og forskrift skal leggast fram for godkjenning for ordinært føretaksmøte frå og med 2022. Retningslinjene skal også innehalde ei utgreiing om korleis "Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med statlig eierandel" er følgd opp. Lønnsrapport i samsvar med asal § 6-16b og forskrift skal seinast leggast fram for ordinært føretaksmøte frå og med 2023."

Fastsetjinga av retningslinjer inngår med bakgrunn i dette ikkje som ei noteopplysning og integrert del av årsrekneskapen for 2021.



Godtgjersle til revisor

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Revisjon etter lova	229	146
Utvida revisjon	1	0
Andre oppgåver som vedkjem attestasjonar	10	13
Andre tenester utanfor revisjon	0	3
Sum honorar til revisor	239	161

Honorar til revisor i høve til inngått avtale: 240 240

Honorar til revisor er oppgitt eksklusiv meirverdiavgift.

Note 7 Andre driftskostnader

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	18 743	18 437
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv	3 834	3 016
Reparasjon, vedlikehald og service	2 091	1 821
Konsulenttenester	4 442	6 326
Anna ekstern teneste	33 870	30 262
Kontor- og kommunikasjonskostnader	1 323	1 562
Reisekostnader	1 418	1 600
Andre driftskostnader	2 612	2 777
Sum andre driftskostnader	68 333	65 803

Note 8 Finansposter

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Interne renteinntekter i føretaksgruppa	257	475
Andre renteinntekter	60	79
Andre finansinntekter	16	37
Sum finansinntekter	333	591
Andre rentekostnader	2	1
Andre finanskostnader	88	0
Sum finanskostnader	90	1

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-20PE4-PF5C-BSILY



Note 9 Skatt

Heile 1000 kroner

Publikumsekspedisjonen er skattepliktig. Endring i midlertidige forskjellar er endring gjennom året. Skatteutrekninga tar utgangspunkt i resultat for publikumsekspedisjonen.

Mellombelse forskjellar	31.12.2021	31.12.2020
Anleggsmidler	2 095	2 367
Omløpsmidlar	-180	-113
Netto pensjonsmidlar	11 851	10 776
Netto mellombelse forskjellar	13 765	13 030
Underskot til framføring	-26 171	-23 599
Grunnlag for utsatt skatt/skattefordel i balansen	-12 406	-10 571
22% utsett skatt (utsett skattefordel)	-2 729	-2 325
Utsett skatt (utsett skattefordel)	-2 729	-2 325

	2021	2020
Grunnlag for betalbar skatt		
Resultat før skattekostnad for publikumsekspedisjonen	-1 835	-6 516
Endring i mellombelse forskjellar	-736	-2 086
Grunnlag for betalbar skatt	-2 571	-8 602
Endring i utsett skatt (22%)	-404	-1 434
Sum skattekostnad på ordniært resultat	-404	-1 434
Spesifikasjon av skattekostnad		
22% skatt av resultat før skatt	-404	-1 434
Utrekna skattekostnad	-404	-1 434

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY



Note 10 Immaterielle egedelar og varige driftsmidler

Immaterielle egedelar

Heile 1000 kroner

	Goodwill	Lisensar og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01	0	1 954	19 041	20 995
Tilgang	0	0	7 239	7 239
Tilgang verksemdsoverdraging	0	0	0	0
Avgang	0	-1 954	0	-1 954
Frå prosjekt under utvikling	0	0	0	0
Kostpris 31.12	0	0	26 281	26 281
Akkumulerte avskrivningar	0	0	0	0
Akkumulerte nedskrivningar	0	0	0	0
Balanseført verdi 31.12	0	0	26 281	26 281
Ordinære avskrivningar i året	0	0	0	0
Ordinære nedskrivningar	0	0	0	0
Balanseførte lånekostnader i året	0	0	0	0

Varige driftsmidler

Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmiddel, inv.og utstyr	Sum
Kostpris 01.01	0	8 819	14 842	10 600	60 848	95 109
Tilgang i året	0	18 747	-11 176	5 512	1 849	14 932
Tilgang verksemdoverføring	0	0	0	0	0	0
Avgang i året	0	-5 267	0	-4 367	-25 673	-35 306
Frå anlegg til utføring	0	0	0	0	0	0
Kostpris 31.12	0	22 299	3 666	11 745	37 024	74 735
Akk. avskrivningar 31.12	0	2 841	0	4 280	23 662	30 783
Akk. nedskrivningar 31.12	0	0	0	0	0	0
Balanseført verdi 31.12	0	19 458	3 666	7 465	13 362	43 952
Ordinære avskrivningar i året	0	360	0	628	4 134	5 122
Nedskrivningar i året	0	0	0	0	0	0
Balanseførte lånekostnader	0	0	0	0	0	0
Levetider	0	15-25 år	0	7-12 år	3-15 år	0
Avskrivningsplan	0	Lineær	0	Lineær	Lineær	0

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY



Leigeavtaler

Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inv. og utstyr	Sum
Leigebeløp	0	12 916	0	106	639	13 661
Rest leigetid	0	1-10 år	0	1-3 år	1-3 år	

Note 11 Investering i aksjar og partar

Heile tusen kroner

	2021	2020
Eigenkapitalinnskot i KLP	612	548
Sum investeringar i andre aksjar og partar	612	548

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

Note 12 Varelager

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Varer for videresal		
Råvarer	2 036	1 458
Ferdigvarer	1 750	854
Handelsvarer	56 607	56 400
Sum vare for videresal	60 393	58 713
Sum varelager	60 393	58 713
Kostpris lager	60 393	58 713
Bøkført verdi 31.12	60 393	58 713

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY

**Note 13 Kundefordring og andre krav**

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Kundefordring	22 141	18 318
Konsernkonto	74 544	70 917
Krav på føretak i føretaksgruppa	112 201	110 980
Oppsamla inntekter	641	1 176
Andre kortsiktige krav	2 459	2 295
Sum krav	211 987	203 686

Endring i avsetning tap på kundefordring:

Avsetning for tap på kundefordring per 1.1	508	560
Endring i året i avsetning tap på kundefordring	8	-52
Avsetning for tap på krav 31.12	516	508

Konstaterte tap på krav i året 98 52

Kundefordring har følgende fordeling på forfall:

Krav som ikkje er forfalne til betaling	19 669	17 601
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	717	234
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	552	100
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	266	60
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	938	323
Kundefordring pålydande per 31.12.	22 141	18 318

Note 14 Kontant og bankinnskott

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Skattetreksmidlar	6 547	5 677
Sum bundne kontant og bankinnskott	6 547	5 677
Bankinnskott og kontant som ikkje er bundne	96	118
Sum kontant og bankinnskott	6 643	5 796

Helse Vest har konsernkontoordning i SpareBank 1 Sr-Bank ref. note 13.

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-20PE4-PF5C-BSILY



Note 15 Eigenkapital

Heile 1000 kroner

	Føretakskapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderingsforskjellar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	100	10 943	0	201 177	212 220
Korr. av feil i tidl. års rekneskap					
Eigenkapital 01.01. i år	100	10 943	0	201 177	212 220
Eigenkapitalstran saksjonar					
Resultat dette året				16 172	16 172
Eigenkapital 31.12. i år	100	10 943	0	217 349	228 392

Føretakskapitalen på kr 100 000 er eigd av Helse Vest RHF.

Styringsmål frå eigar

Heile 1000 kroner

Styringsmål frå eigar	2021	2020	2002-2021
Årsresultat	16 172	4 258	219 655
Overført frå strukturfond	0	0	
Korrigert for endra levetider	0	0	
Korrigert resultat	16 172	4 258	219 655
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*	0		-10 574
Resultat jf. økonomiske krav	16 172	4 258	209 081
Resultatkrav	7 000	7 000	173 526
Avvik frå resultatkrav	9 172	-2 742	35 555

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-20PE4-PF5C-BSILY

**Note 16 Pensjonsforplikting**

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Oppsamla pensjonsforplikting	571 962	502 369
Pensjonsmidlar	468 315	422 333
Netto pensjonsforplikting	-103 647	-80 036
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-14 614	-11 285
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	190 137	156 410
Netto bokførte midler inkl. arbeidsgivaravgift	71 876	65 088
Av dette balanseført netto pensjonsforplikting inkl. aga.	-874	-1 495
Av dette balanseført netto pensjonsmidlar inkl. aga.	72 749	66 584
Av pensjonsmidlar utgjær premiefond	2 342	961
Spesifikasjon av pensjonskostnader:		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	17 759	14 517
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	8 460	9 247
Brutto pensjonskostnad i året	26 219	23 764
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-13 305	-14 217
Administrasjonskostnader	1 660	1 570
Netto pensjonskostnad inkl. administrasjonskostnad	14 574	11 118
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kostnad	2 055	1 557
Resultatført aktuært tap(vinst)	8 303	4 369
Resultatført aga av aktuært tap(vinst)	1 198	616
Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift	26 130	17 661
Andre pensjonskostnader*	9	0
Sum pensjonskostnader	26 139	17 661
Økonomiske føresetnader:		
Diskonteringsrente	1,90	1,70
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	3,70	3,10
Årleg vekst i lønn	2,75	2,25
Årleg pensjonsregulering	1,75	1,25
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,50	2,00
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	306	282
Talet på oppsette personar med i ordninga	377	358
Talet på pensjonistar med i ordninga	189	178
Spesifikasjon av premiefond		
Saldo 1.1.	961	795
Tilført premiefond	1 790	286
Uttak fra premiefond	-409	-120
Saldo per 31.12.	2 342	961

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF50-BSILY



*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP og POA. Denne pensjonsordninga tilfredsstillar krava i lov om offentlig tenestepensjon.

Pensjonsordninga

Pensjonsordninga

Tariffesta tenestepensjon for dei tilsette er sikra i pensjonsordninga. Dette gjeld alders-, uføre-, etterlatne-, tidleg pensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla fødte før 1963 er sikra tidleg pensjon og AFP 62-67 år. Årskulla fødte frå 1963 er sikra vilkårsbunden tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krev det, samordnast pensjonane med utbetaling frå folketrygda. Det blir ikkje opptent pensjon for lønn over 12G (folketrygdas grunnbeløp).

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtektsfesta ytingsnivå følger norsk regnskapsstandard NRS 6

Pensjonskostnader. Alle statlige helseføretak i KLP inngår i en fleirføretakspensjon. Sidan offentlig AFP er tett integrert med ordinær tenestepensjon inngår forplikting for AFP som del av berekninga av pensjonsforpliktinga.

Regelverksendringar i offentlig tenestepensjon

Partane i arbeidslivet blei einige om ny offentlig tenestepensjon (OfTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentlig sektor. Regnskapsstiftelsen gav ut eiga rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentlig tenestepensjon. Denne rettleiaren er lagt til grunn ved berekningane for 2021. Delar av pensjonsreforma er fortsatt ikkje ferdigstilt. Eventuelle vedtak i løpet av 2022 vil bli innarbeida i neste års berekning.

Sidan endelig vedtak om ny offentlig AFP ikkje ligg føre, angjev rettleiaren at man også for årskulla 1963 og yngre reknar forplikting etter dagens AFP ordning. Det er lagt til grunn same føresetnader om uttak av AFP som tidligare år.

Føresetnader for berekningane

Dei økonomiske føresetnadene per 31.12.2021 følger siste rettleiing gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2022. Basert på desse er det berekna beste estimat brutto pensjonsforplikting per 31.12.2021. Regnskapsstiftelsen endra i 2020 metodikken for fastsetjing av forventa avkastning på pensjonsmidlane. Avkastninga bør nå fastsetjast av kvar leverandør for deira portefølje basert på aktivklassene denne er investert i. For leverandørane til dei statlige helseføretaka gjev aktivaallokeringa ei forventa avkastning på 3,7%.

Demografiske føresetnader:

	31.12.2021	31.12.2020
Nytta tabell over dødelegheit	KLP2021	K2013BE
Nytta tabell for uførefrekvens	KU2021	KU2020
Uttak AFP etter erfaring	15-42,5 %	15-42,5 %

Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Sjukepleiarar	25	15	10	6	4	3	0

Frivillig avgang for sjukehusleger og fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
--------------	------	-------	-------	-------	-------	-----



Note 17 Anna kortsiktig gjeld

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Leverandørgjeld	155 302	128 714
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	7 015	3 955
Skyldige feriepengar	15 441	14 520
Skyldig lønn	1 880	1 456
Anna kortsiktig gjeld	605	11 510
Sum kortsiktig gjeld	180 244	160 154

Note 18 Forsking og utvikling

Heile 1000 kroner

	2021	2020
Øyremerka tilskot frå eigar til forskning	638	1 285
Andre inntekter til forskning	0	55
Sum inntekter til forskning	638	1 341
Sum inntekter til forskning og utvikling	638	1 341
Kostnader til forskning - anna	638	1 341
Sum kostnader til forskning	638	1 341
Sum kostnader til forskning og utvikling	638	1 341
Talet på årsverk nytta til forskning	2	2

Sjukehusapoteka Vest HF har i 2021 hatt forankringsavtaler for to doktorgradsstipendiatar ved Universitetet i Bergen. Begge avtalane er finansiert av Helse Vest RHF. Ut over dette bidreg Sjukehusapoteka Vest HF til utviklingsarbeid i ulike prosjekt, både lokalt og regionalt. Utviklingsarbeidet inngår som del av dei ordinære stillingane i Sjukehusapoteka Vest HF. FOU kostnader er direkte kostnadsført.

I 2021 har ein student fullført sitt masterprosjekt i farmasi tilknytt SAV. Det er publisert fire artiklar der ein eller fleire forfatarar er tilknytt SAV.

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY



Note 19 Nærstående partar

Nærstående til Sjukehusapoteka Vest HF er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlege transaksjonar med nærstående partar kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapan.

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 6, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i note 20. Sjukehusapoteka Vest HF mottar det vesentlegaste av sine inntekter frå sal av legemiddel og farmasøytiske tenester til systerføretak i Helse Vest konsernet. I tillegg leverer Sjukehusapoteka Vest HF legemidlar og andre apotekvarer til alle brukarar av sjukehusa gjennom publikumsekspedisjon i kvart sjukehus.

Det blei kjøpt varer og tenester frå dei andre føretaka i Helse Vest for 48 millionar kr i 2021.

Det blei selt varer og tenester til dei andre føretaka i Helse Vest for 945 millionar kr i 2021.

Medikament utgjør en stor del av Sjukehusapoteka Vest HF sine kostnader. Innan forskning og utvikling er det samarbeid mellom universitet, legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med Legemiddelindustrien omkring etikk knytt til avtaler på dette området. Avtala er bindande for helseføretaka.

Sjukehusapoteka Vest HF har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlige kjøp. I Sjukehusapoteka Vest HF er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarlig for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar ikkje sit med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar mv som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

Note 20 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	78 839	0	344	0
Sjukehusapoteka Vest HF				
Helse Bergen HF	44 836	0	1 330	0
Helse Stavanger HF	28 536	0	743	0
Helse Fonna HF	19 925	0	413	0
Helse Førde HF	14 608	0	98	0
Helse Vest IKT AS	0	0	3 805	0
Sum	186 745	0	6 731	0



Note 21 Beredskapslager Legemiddel

Helsedirektoratet har gjeve Helse Vest RHF i oppdrag å etablere eit nasjonalt beredskapslager for legemiddel. Helse Vest RHF opptretr som representant for alle dei fire regionale helseføretaka. Helse Vest RHF har gjeve oppdraget med å inngå og forvalte avtalar tilknytta oppbygging og forvaltning av nasjonalt beredskapslager legemiddel til Sjukehusapoteka Vest HF.

Lagerhald og forvaltning av lagra vert utført av grossistane og varelagerverdiene, og endringar i disse, vert ikkje rekneskapsført av Helse Vest RHF eller Sjukehusapoteka Vest HF.

Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest HF vert ikkje økonomisk belasta som følge av oppdraget, og har difor heller ingen risiko knytt til avtalane som er inngått med legemiddelgrossistane. Dette tilseier at Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest HF opptretr ovanfor legemiddelgrossistane som agentar for Helsedirektoratet, og at rekneskapsføringa av forskotsbetalingar, forvaltningskostnader, ukurans, etc. vert handtert som utlegg, dvs. vert først balanseført som fordring og deretter nettført ved vidarefakturering til oppdragsgjevar.

Alle kostnader som Sjukehusapoteka Vest HF sjølv pådreg seg i samband med oppdraget, under dette lønnskostnader, konsulentkostnader mv., vert og dekkja av Helsedirektoratet. Denne finansieringa er mest nærliggande å sjå som eit offentlig driftstilskot og vert rekneskapsført brutto tilsvarande andre offentlege tilskot i Helse Vest, jfr. NRS 4 Offentlige tilskudd.

Oppbygging av beredskapslager hjå grossist for spesialisthelsetenesta vert finansiert med forskot frå Helse Vest. Forskotet er sikra gjennom morselskapsgaranti frå grossisten. Forskotet utgjer per 31.12.21 kr 155,5 millionar.

B-180 Prosjektkostnader	2021	2020
<i>Heile 1000 kroner</i>		
B-180 Spesialisthelsetenesten - Forskot	114 082	41 430
B-180 Spesialisthelsetenesten - Forvaltningskostnader	12 733	3 125
B-180 Primærhelsetenesten - Forvaltningskostnader	65 734	6 672
Sum utlegg grossistar, rekneskapsført netto	192 549	51 227
B-180 Prosjektkostnadar Sjukehusapoteka Vest HF	12 952	10 253
Sum	205 501	61 480

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Olav Godtfred Klausen

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-1113812

IP: 79.160.xxx.xxx

2022-03-17 16:17:04 UTC

bankID

Jon Bolstad

Daglig leder

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5993-4-3691930

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-17 16:43:18 UTC

bankID

Hilde Fossmark Helvig

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5997-4-912575

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-18 07:23:21 UTC

bankID

Ola Jøsendal

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-1999122

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-18 09:50:40 UTC

bankID

Siri Bergsholm Bjørhovde

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-3524557

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-18 12:48:02 UTC

bankID

Clara Beate Gram Gjesdal

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-1720672

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-19 09:11:38 UTC

bankID

Trude Marit Risnes

Styreleder

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5998-4-761210

IP: 79.160.xxx.xxx

2022-03-20 08:32:38 UTC

bankID

Helle Kristine Schøyen

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5999-4-1447064

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-20 20:13:08 UTC

bankID

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo"™ - sikker digital signatur.
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Arve Varden

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5993-4-1643129

IP: 95.111.xxx.xxx

2022-03-20 20:30:15 UTC



Ragnhild Elise Winum

Styremedlem

På vegne av: Sjukehusapoteka Vest HF

Serienummer: 9578-5997-4-2640620

IP: 161.4.xxx.xxx

2022-03-28 08:22:05 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Penneo Dokumentnøkkel: YLOCS-ESSK6-VBS62-ZOPE4-PF5C-BSILY